VEDLEGG

DET KONGELEGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Familie- og kulturkomiteen

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	26/2235-	28. september 2026

Dokument 8:276 S (2025–2026) – statsrådens vurdering

Eg viser til representantforslag 276 S (2025–2026) frå representantane Erling Sande, Kjersti Toppe og Ole Herman Sveian om Nationaltheatret. Representantane har foreslått at:

«Stortinget ber regjeringa gjennomføre ei ny og grundig vurdering av alternativet «Ny framtid for Nationaltheatret», inkludert moglegheita for justeringar av forslaget, for å avklare om dette alternativet kan gi Nationaltheatret ei rimelegare, raskare og betre løysing enn den regjeringa til no har valt.»

Vi er einige om at Nationaltheatret er ein av dei viktigaste kulturinstitusjonane i landet. Nationaltheatret vårt har ei fantastisk plassering midt i Oslo sentrum, men plasseringa er òg svært krevjande. Det er fleire tiltak som har vore utgreidd, og som har vist seg å vere særs kostnadsdrivande, det gjeld ikkje minst alternativ som inneber nye areal under bakken, tilbygg og påkopling av slike nye areal. Eg har orientert Stortinget om desse kostnadsdrivande utfordringane i samband med spørsmål til skriftleg svar, Dokument nr. 15:1700 (2025–2026).

Rehabilitering av Nationaltheaterbygningen har vore gjennom grundig utgreiing, planlegging og ekstern kvalitetssikring. Regjeringa har valt løysing for Nationaltheatret. Vi har valt eit minimumsalternativ. Vi skal rehabilitere Nationaltheaterbygget og sikre at det kan vere eit godt teaterbygg for dei neste generasjonane, samstundes som vi lagar ein god base som har plass til dei funksjonane vi ikkje får plass til i det historiske bygget.

Minimumsalternativet er eit alternativ som tek vare på det historiske bygget, som tek vare på og vidarefører Hovudscenen, og som tek vare på teateret vårt som Noregs fremste scenekunstverksemd. Publikum som kjem for å sjå framsyningar på Hovudscenen, vil

Postadresse: Postboks 8030 Dep 0030 Oslo
Kontoradresse: Einar Gerhardsens plass 2 Telefon* 22 24 90 90
Org no.: 972 417 866

framleis møte Nationaltheatret på sitt beste, i den originale, ærverdige salen med historia i veggane.

Samtidig vil minimumsalternativet sikre at Nationaltheatret får midlertidig hovudscene og gode støtteareal og biscener i lokale som er bra for publikum og bra som arbeidsplass. Det er ikkje mogleg å rehabilitere Nationaltheaterbygningen utan at teateret flyttar ut, og det er ikkje mogleg å oppretthalde teaterets verksemd mens vi rehabiliterer, utan at dei først har lokale å flytte til.

Kultur- og likestillingsdepartementet ga hausten 2025 Statsbygg oppdrag om å vidareutvikle minimumsalternativet i ein avklaringsfase. Dette arbeidet er i ein sluttfase og vil etter planen vere ferdig no rundt årsskiftet. Ein viktig milepæl er val av tomt. Statsbygg lyste ut søk etter eigedom i marknaden i februar i år, med frist 14. mars. Dei nye lokala skal vere innanfor eller ved Ring 3 i Oslo, med kort gangavstand til eit kollektivknutepunkt. Det kom 14 innspel innanfor søkeområdet. Statsbygg gjer ei grundig vurdering av dei ulike eigedomane for å finne kva for eigedomar som vil vere best eigna for teateret. Statsbygg har fått oppdrag om å gjennomføre forhandlingar med eigarane av dei best eigna eigedomane, og denne prosessen pågår.

Eg meiner det ville vere eit særs uheldig signal for forhandlingane om Stortinget samstundes ber regjeringa om å gjennomføre ei ny vurdering av eit alternativ som inneber ei heilt anna løysing, og som allereie har blitt vurdert i samband med ekstern kvalitetssikring.

Regjeringa har lagt til grunn den vurderinga av framlegget frå «Ny framtid for Nationaltheatret» som den eksterne kvalitetssikraren Marstrand gjorde med bistand frå Statsbygg og Nationaltheatret. Vurderinga viste stor usikkerheit rundt kostnader og gjennomførbarheit. Kvalitetssikraren vurderte at framlegget ikkje har tilstrekkeleg kapasitet og funksjonalitet. Vidare vurderte dei at framlegget kostar meir enn minimumsalternativet i analyseperioden, og at risikobildet tilseier at det kan bli behov for tiltak som vil auke kostnadene. Dei meinte òg at dei viktigaste nytteverknadene ikkje ville bli betre enn med minimumsalternativet. Kvalitetssikraren var tydeleg i tilrådinga om å velje minimumsalternativet, og regjeringa valde å følgje denne faglege tilrådinga.

Meir konkret peikte den eksterne kvalitetssikraren Marstrand mellom anna på:

- at dei tilgjengelege areala i eksisterande bygg og nytt bygg ikkje løyser Nationaltheatrets samla behov
- at det er lite sannsynleg at både Amfiscenen og Malersalen får plass i bygningen med ein funksjonalitet som innfrir målsettingane
- at det blir høgare risiko for behov for refundamentering
- at den midlertidige hovudscenen ikkje kan plasserast nord for den gamle teaterbygningen i tråd med framlegget
- at gruppa bak framlegget ikkje har vore i kontakt med eigarane av kollektivinfrastrukturen under bakken, og at det dermed er betydeleg usikkerheit om korleis dei stiller seg til framlegget

- at moglege krav frå interessentar og offentlege styresmakter som Riksantikvaren, Plan- og bygningsetaten, Bymiljøetaten, Sporveien og Bane Nor vil medverke til auka investeringskostnader
- at Stortingsgata er ei sentral trafikkåre, der det er moglege konfliktar med trikken og vegbanen, særleg i ein byggjefase, som vil vere krevjande
- at det i området mellom Nationaltheatret og inngangen til stasjonen for tog og t-bane ferdast mykje folk og allereie i dag er trengsel

Dersom Stortinget ber meg om å gjere ei ny vurdering av alternativet «Ny framtid for Nationaltheatret» med tilhøyrande ny prosess med utgreiing av alternativ, kvalitetssikring og val av overordna løysing, vil dette medføre stans i framdrifta i prosjektet på fleire år. Eg vil sterkt fråråd ei slik unødig utgreiing.

Eg har merka meg at dei tillitsvalde på teateret har vore klare i sin tilbakemelding. I Klassekampen 19. februar sluttar dei seg til løysinga regjeringa har valt og skriv at «Ny framtid for Nationaltheatret» ikkje snakkar for dei tilsette ved teateret. Dei tillitsvalde er «bekymret for at et videre påtrykk fra Ny framtid kan sette hele den pågående prosessen i fare og videre forsinke framdrift og øke kostnadene».

Eg er glad for at representantane Erling Sande, Kjersti Toppe og Ole Herman Sveian òg vil vere med og jobbe for rask framdrift og gode løysingar. Vi må jobbe saman for å sikre framtida for Nationaltheatret.

Det er viktig for meg å finne ei god løysing for Nationaltheatret, og det får vi med det alternativet som regjeringa har valt. Dei viktigaste milepælane no er sluttføring av forhandlingane om kjøp av tomt og oppstart av forprosjektfasen for minimumsalternativet.

Med helsing

Lubna Jaffery